

Årsmelding for rådet med nedsatt funksjonsevne 2024

Styret har vore samansett slik med personleg vara bak

Leiar Tove Grethe Kolstad	Anne Finnbråten
Nestleiar Anette Gjelstad	Liv Karin Vambeset Skogen
Randi Enget	Eli Skattebu Døvresødegård
Kjetil Korbu Nilsen	Svein Brynhildsvold
Ellen Hæhre (AP)	Nikolay Flaaten (AP)

Vi har hatt seks møter i år. I tillegg har vi hatt korrespondanse på mail og telefon.

Saker vi har arbeid med.

-Opplæring av rådet som var organisert av FFO og SAFO. Fleire råd for menneske med nedsatt funksjonsevne i Valdres deltok.

-Eli Skattebu Døvresødegård vart vald til medlem av Brukarutvalet for NAV Valdres frå oss.

-Orientering frå kommunedirektør Jostein Aanestad om planstrategi; planesystemet, føringar, prioriteringar og planoppgåver. Ny planstrategi for 2024 – 2027 skal vedtakast. Det er viktig at rådet kjem med innspel i planer som gjelder for menneske med nedsatt funksjonsevne.

-Psykisk helse orientering ved avdelingsleiar Hanne Svendsen. Fact-team i Valdres som er eit samarbeidsprosjekt mellom Valdres kommunane, sjukehuset Innlandet Poliklinikk Valdres og Nav. Målgruppa er personar med moderat til alvorleg psykisk sjukdom og eller rusproblem som har rettigheter til oppfølging.

Auke til psykisk helse spesielt i gruppa 26-40 år (spesielt menn).

-Orientering frå Kommunalsjef i Helse og oppvekst Kjersti Hedalen om spesialundervisning, samarbeid med PPT og habiliteringstjenesta, rutiner for overgang mellom skuler for eksempel ungdomsskula til vidaregåande skule. Det er no ansatt barnekoordinator som skal bistå og hjelpe familiar

- Vi har hatt møte saman med eldrerådet:

Info om prosjektet Tørn/Rusta ved kommunalsjef Kjersti Hedalen. Korleis løyse framtida med fleire eldre og færre pleiere.

Omsorgstrappa orientering ved leiar på helsetunet Gina K Myreng.

Demensomsorga i Øystre Slidre. Demenskontakt Thora Ranum Nyhagen fortalde om organisering av demensomsorga i dag og planer framover.

Planen for vårt råd var å laga eit felles innspel til kommuna saman med eldrerådet om ynskje framover for denne pasientgruppa og kanskje spesielt ei sårbar gruppe som er dei «nye og kanskje yngre» som er på tur inn i systemet av mennesker med demens-sjukdom. Vi føler kommunen ikkje har tenkt så mykje på desse menneska. Rådet følgjer opp planen demenskontakta hadde med opplæring av næringslivet og bruk av dagtilbudet i kommuna. Vi har også sendt innspel om saka.

-Rådet er med i planlegging av uteområdet på ungdoms-skula spesielt med tanke på universell utforming.

Leiar har delteke på møte i samhandlingsrådet for Frivilligsentralen i kommuna.

-Orientering om Frivilligsentralen i Øystre Slidre ved Liv Vingdal.

- Orientering om arbeidet med økonomiplan ved kommunedirektøren.

-Rådet har fått orientering om utfordringar med parkeringssituasjonen for HC på Beitostølen. Etter innspel frå rådet har kommuna no teke tak i saka, med å følgje opp pålegg i forhold til utbyggjarar.

-HC døråpning på biblioteket har vore øydelagt ei tid. Vi sendte innspel til kommuna og vaktmeisteren ordna saka raskt.

-Vi tok kontakt med elderrådet, frivilligsentralen, kommunen og frivillige for å få til eit tilbud om julemiddag på helsetunet for einslege som ynskjer å eta saman. Dette greidde vi ikkje få til i år, men held saka varm neste år.

- Innspel til økonomiplan bla ynskje om palliativt team, demensteam, kvardagsrehabiliteringsteam, få på plass kvardagsteknologien som fungerer på lukka avdeling på Helsetunet, auke i grunnbemanning på helsetunet for å unngå å bruke dyre bemanningsbyrå og behov for meir barneavlastning. Vi har i mange år hatt frivillige som har ordna ned skøytebane på begge barneskulane våre, denne epoka er over så no må Øystre Slidre kommune ta ansvar for dette.

-Vi deler kvart år ut diplom, kake og blomst til bedrift eller enkeltmennesker som legg til rette for menneske med nedsatt funksjonsevne med universiell utforming, lett tilgjengelegheit for alle mennesker også dei som trengjer hjelpemidler for eksempel rullestol. Prisen blir utdelt etter innspel frå dei som bur i Øystre Slidre. I år vart det Joker Heggenes som fekk prisen. Dei er positive og hjelpsame, pakker varene for kundane, bærer varene ut i bilen, tar imot bestillinger og kjører varene heim til kunden. Det er mange eldre og uføre benytter denne tjenesten. Rådets medlemmer møtte overraskande opp i butikken saman med Geir Helge Skattebo frå avisa Valdres. Eli D Skattebu overrakte diplomten og holdt ei fin tale om Jokerlbutikkens betydning i lokalsamfunnet. Seansen fekk fin omtale i Valdresen som også skreiv litt om kva rådet driver med. Vi fekk også bilde og omtale på heimesida til kommunen.

Skammestein 28.2.25

Tove Grethe Kolstad